

ÅRSMELDING 2025

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD



MEIR HIMMEL PÅ JORDA

1. Innleiing.....	3
2. Råd og utval	3
2.1. Herøy kyrkjelege fellesråd 2025:	4
2.2. Fellesrådet sine oppgåver.....	5
2.3. Saker handsama i fellesrådet.....	5
2.4. Partsamansett utval (PSU).....	6
2.5. Partsamansett utval sine oppgåver	6
2.6. Saker handsama i partsamansett utval.....	6
2.7. Sokneråda.....	7
2.8. Sokneråda sine oppgåver	7
3. Tilsette og drift.....	7
3.1. Tilsette i Herøy kyrkjelege fellesråd	7
3.2. HMS/Sjuefråvær.....	8
3.3. Tilkallingsvikarar og frivillige.....	8
3.4. Klokkartenesta	9
3.5. Kyrkjetenarane	9
3.6. Diakoni	9
3.7. Trusopplæring	9
3.8. Det kyrkjemusikalske arbeidet.....	9
3.9 Drift av kyrjekontoret	10
4. Prestane	10
5. Kyrkjene.....	10
5.1. Leikanger kyrkje.....	10
5.2 Indre Herøy kyrkje.....	11
5.3 Herøy kyrkje	11
6. Gravplassar og gravferder.....	12
6.1. Flusund.....	12
6.2. Kvalsund.....	13
6.3. Runde.....	13
6.4. Remøy	13
6.5. Herøy gamle kyrkjestad	13
6.6. Tjørvåg.....	13

6.7. Moltu	14
6.8. Leikong	14
7. Kystpilegrimsleia og nøkkelstaden	14
8. Kyrkja og samfunnet.....	14
8.1. Kyrkja som samlingspunkt	14
8.2. Samarbeid med andre	15
8.3. Kyrkja som historie og kulturberar	15
8.4. Gravferdsmyndigheit.....	16
9. Økonomiske tilhøve	16
9.1. Drift	16
9.2. Investeringar	17
9.3. Balanserekneskapen	17
10. Måloppnåing	17
11. Utfordringar dei komande åra	18

1. Innleiing

Fellesrådet skal innan 20. mars kvart år legge fram ei årsberetning over rådet si verksemd siste kalenderår jf. Forskrift om regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet, § 9 og Forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke § 12 og § 17 første ledd.

Årsberetninga skal sendast til sokneråda, bispedømmerådet, kommunen, prosten og andre aktuelle.

Den same plikta ligg til sokneråda. Deira årsberetning skal leggest fram for årsmøtet og sendast til kyrkjeleg fellesråd, prosten, bispedømmerådet og andre som dei finn aktuelle.

Forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke

§ 12. Årsregnskap og årsberetning

(1) Det skal for hvert kalenderår utarbeides årsregnskap og årsberetning.

(2) Soknets organer vedtar selv sine årsregnskap. Vedtaket må angi disponering av regnskapsmessig mindreforbruk eller dekning av regnskapsmessig merforbruk.

(3) I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske stillingen til soknets organer og resultatet av virksomheten når dette ikke framgår av årsregnskapet. Årsberetningen skal redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for virksomheten.

(4) I årsberetningen skal det gjøres rede for

- a. den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestillingen, herunder kjønnsfordelingen i styrende organer,*
- b. eventuelle likestillingstiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å fremme likestilling uavhengig av kjønn,*
- c. eventuelle begrensninger når det gjelder tilgang til egne aktiviteter, styrende organer, verv eller stillinger som har sammenheng med ett eller flere diskrimineringsgrunnlag, og*
- d. eventuelle segregerte aktiviteter eller tilbud.*

2. Råd og utval

2.1. Herøy kyrkjelege fellesråd 2025:

Medlemene i fellesrådet er sett saman av 2 medlemmar frå kvart sokneråd, ein kommunal representant (valgt av kommunestyret) og ein geistleg representant (utpeikt av prost).

Therese Frøystad Igesund	Felles sokneråd Indre Herøy og Herøy sokn, leiar
Monica Johansen Sætre	Leikanger sokneråd, nestleiar
Kjell Henry Rabben	Felles sokneråd Indre Herøy og Herøy sokn
Sigrunn Bigset	Felles sokneråd Indre Herøy og Herøy sokn
Britt Hilde Slettebakk	Felles sokneråd Indre Herøy og Herøy sokn
Geir Jøsok	Leikanger sokneråd
Malene Frøystadvåg Remøy	Kommunal representant
Solfrid Leinebø Seljås	Geistleg representant

Vararepresentantar i fellesrådet:

Camilla Kvalsvik Aksnes	felles sokneråd Indre Herøy og Herøy sokn
Øyvind Granden Berg	felles sokneråd Indre Herøy og Herøy sokn
Magnar Storøy	felles sokneråd Indre Herøy og Herøy sokn
Lillian Rafteseth	felles sokneråd Indre Herøy og Herøy sokn
Elin Kleppe Olsen	Leikanger sokneråd
Monika Haanes Waagan	Leikanger sokneråd
Svein Gjelseth	Kommunal representant
Ingeborg Matre	Geistleg representant
Kjell Roger Isene	Geistleg representant

2.2. Fellesrådet sine oppgaver

Kirkeordning for Den norske kirke §17:

Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.

Kirkelig fellesråd er ansvarlig for

- a. bygging, drift og vedlikehold av kirker,
- b. anlegg, drift og forvaltning av gravplasser,
- c. opprettelse og nedleggelse av stillinger som lønnes over fellesrådets budsjett,
- d. anskaffelse og drift av kirkekontor,
- e. administrativ hjelp for prostens virksomhet nasjonalt yter tilskudd til det,
- f. anskaffelse av lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring.

Kirkelig fellesråd foretar tilsetting av og har arbeidsgiveransvaret for alle tilsatte som lønnes over fellesrådets budsjett. Før tilsetting og fastsetting av instruks skal vedkommende menighetsråd gis anledning til å uttale seg. Kirkelig fellesråd kan bemyndige menighetsråd til å utøve tilsettingsmyndighet og andre arbeidsgiverfunksjoner for stilling hvor dette ellers ville ligge til fellesrådet. Kirkelig fellesråd kan også tildele utvalg som nevnt i § 41 første ledd myndighet til å foreta tilsetting og treffe avgjørelser i saker som gjelder forholdet mellom soknene eller soknet som arbeidsgiver og de tilsatte.

Kirkelig fellesråd forvalter inntekter og formue knyttet til kirke og kirkefond, tilskudd til kirkelig virksomhet fra kommunen eller kirkens virksomhet nasjonalt og midler menighetsråd stiller til fellesrådets disposisjon for å løse oppgaver i soknene.

Kirkelig fellesråd utfører for øvrig de oppgaver som etter avtale blir overlatt det av det enkelte menighetsråd.

2.3. Saker handsama i fellesrådet

Fellesrådet har hatt 7 møter i 2025, og handsama 67 saker.

Dei viktigaste sakene:

- Budsjett
- Regnskap og årsmelding
- Rapportert drift og økonomi
- Betalingssatsar
- Satsar for utleige Herøy kyrkje
- Betaling for urne i namna og unamna minnelund
- Prioritering vedlikehald og drift
- Kjøp av lastar

- Vidare leasing eventuelt kjøp av gravemaskin
- Revisjon gravplassvedtekter
- Tilsetting kyrkjelydspedagog
- Gåvereglement for tilsette
- Overordna HMT plan
- Beredskapsplan
- Delegeringsreglement
- Teppe Leikanger kyrkje
- Vask og maling Leikanger kyrkje
- Fjerning av buskas ved Leikanger kyrkje
- Akustikkforhold i Herøy kyrkje
- Renovering uthus Indre Herøy kyrkje

2.4. Partsamansett utval (PSU)

Partsamansett utval består av to frå fellesrådet og ein representant frå dei tilsette. Kyrkjevevja er sekretær for utvalet.

Medlemmer i utvalet er:

Leiar, Therese Frøystad Igesund	Frå fellesrådet
Kjell Henry Rabben	Frå fellesrådet
Bjørg Sløgedal Kvalsund	Tilsette sin prepresentant

2.5. Partsamansett utval sine oppgåver

Kirkeordning for Den norske kirke § 41

I tilknytning til kirkelig fellesråd og menighetsråd som utøver arbeidsgiveransvar, skal det opprettes et partssammensatt utvalg for behandling av saker som gjelder forholdet mellom de tilsatte og soknene eller soknet som arbeidsgiver. Hvis partene avtaler det, kan slike utvalg erstattes med andre ordninger.

Utvalget settes sammen av representanter for rådet og representanter for de tilsatte. De tilsattes representanter velges av og blant de tilsatte for to år av gangen. Flertallet i utvalget skal bestå av representanter for rådet. Rådet velger utvalgets leder og nestleder blant disse.

2.6. Saker handsama i partsamansett utval

Fellesrådet har hatt 1 møte i 2025. Dei har handsama desse sakene:

- Gåvereglement
- Overordna plan for HMT for herøy kyrkjelege fellesråd
- Oversikt over roller og ansvar i HMT arbeidet
- Forslag til rutinar for førebygging og oppfølging av sjukefråvær

2.7. Sokneråda

Herøy fellesrådsområde har tre sokn; Leikanger, Indre Herøy og Herøy sokn. Før soknerådsvalet hausten 2023 vart det bestemt at Indre Herøy sokn og Herøy sokn skulle ha felles sokneråd.

Sokneråda driv som sjølvstendige einingar og har eiga årsmelding og eige rekneskap.

2.8. Sokneråda sine oppgåver

§ 12 i Kyrkjeordning for Den norske kyrkje

Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.

Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet, med mindre annet er fastsatt. Avgjørelse om opprettelse av stillinger skal godkjennes av kirkelig fellesråd.

3. Tilsette og drift

I 2025 var det jobba vidare med å få på plass stabil bemanning. I oktober fekk vi tilsett kyrkjelydsmedarbeidar/kyrkjelydspedagog. Var hadde ved utgangen av 2025 framleis ledig stilling som organist i 40% og diakon i 30% samt nokre små stillingsprosentar som kyrkjetenar/klokkar. Vi har inne vikarar og frivillige som dekkjer opp desse stillingane.

Under er det skildra personalsituasjonen, og drifta.

3.1. Tilsette i Herøy kyrkjelege fellesråd

Herøy kyrkjelege fellesråd er arbeidsgjevar for alle tilsette med unntak av prestane. Det daglege ansvaret er delegert til kyrkjevevja.

Det var per 31.12.2024, 10 faste tilsette. Kjønnfordelinga var 5 menn og 5 kvinner. I tillegg hadde vi vikaravtalar for kyrkjetenar, klokkar, kyrkjemusikar /kyrkjemusikalsk arbeid.

Av fellesrådet sine faste tilsette per 31.12.2025 har 7 heile stillingar og 2 har deltidstilling.

Tilsette per 31.12.2024

Stilling	Namn	Prosent
Kyrkjevevje	Birgitte Sævik Pedersen	100%
Sekretær	Bjørge Sløgedal Kvalsund	100%
Diakon	Ragnhild Danbolt Øygard	70%
Diakon	Vakant	30%
Kantor	Dag Johan Flattun	100%
Organist	Vakant	40%
Kyrkjelydspedagog/arbeidar	Marianne Laa	100%
Kyrkjelydspedagog/arbeidar	Lena Kvalsund Myklebust	100%
Kyrkjetenar	Yacob Teklemariam	100%
Kyrkjetenar	Vidar Kvalsvik	40%
Fagleiar gravplass	Sven Torvik	100%
Gravplassarbeidar	Mariss Stankevics	100%

3.2. HMS/Sjuefråvær

Vi har hatt lågt sjukefråvær i 2025.

Vi har hatt fire møter i HMS-gruppa. Det er gjennomført drøftingsmøte med heimel i HA, Del B § 9-4-1, b) Årshjul for HMT og personalstaben hadde i 2025 fokus på organisering av arbeidet, ergonomi og emosjonell belastning.

Vi har hatt to stabsdagar i 2025. Tema har vore ergonomi og emosjonell slitasje resursar på den fyrste og grøn kyrkje på den andre.

Vi har eit samarbeid med bedriftshelsetenesta om arbeidshelsekontroll og vaksine for dei som skal ha det, og det er gjennomført debriefing av stab i høve emosjonell belastning

Alle fyrstehjelpsskrina er gjennomgått, merka og fylt på.

3.3. Tilkallingsvikarar og frivillige

Tilkallingsvikarar og frivillige har vore viktige bidragsytarar i gudstenestene og andre kyrkjelege handlingar gjennom heile året. Utan så mange «ja - menneske» hadde det vore vanskeleg å halde oppe drifta. I høve situasjonen med mange vakansar blei fyrste

del av 2025 bunde opp mykje administrativ tid til å skaffe vikarar og frivillige.

3.4. Klokkartenesta

I heile 2025 har vi vore avhengig av tilkallingsvikarar og frivillige.

3.5. Kyrkjetenarane

Vi gjekk inn i 2025 med stabil bemanning og har faste tilsette i til saman 140% stilling.

Vi har i tillegg villige tilkallingsvikarar som dekkjer opp fråvær når det er naudsynt.

Begge er i gang med kyrkjetenarskulen.

3.6. Diakoni

Vi har diakon i 70% stilling som er tilsett for å arbeide særleg med og mot born, unge og familiar. Diakonen leiar fleire diakonale tiltak og deltek også i konfirmantarbeidet utifrå tema og når det trengs. Diakonen leier også arbeid for og med vaksne, når det ligg naturleg inn under diakonien. Mykje av det diakonale arbeidet blir også drive av frivillige.

3.7. Trusopplæring

Første del av 2025 hadde vi tilsett ein trusopplærar og måtte legge opp drifta etter det.

Vi inngitt avtale med Ulstein kyrkjelge fellesråd om kjøp av tenester for å hjelpe oss, då spesielt med tanke på konfirmantarbeidet. I oktober fekk vi tilsett ein til trusopplærar så ved utgangen av 2025 var vi fullt bemanna, dette gjer at vi går styrka inn i 2026, og har større fridom til å gjennomføre dei aktivitetane som sokneråda ønskjer.

Ein trusopplærar har gjennomført opplæring i “Babysong” og “Bibelsporet”

Også innan trusopplæring har vi svært mange frivillige som stiller opp, både i konfirmantarbeidet og andre tiltak som t.d. søndagsskule, Tweens, Ungdsomskafe m.m.

3.8. Det kyrkjemusikalske arbeidet

Kyrkjemusikalsk arbeid står sentralt i mange av kyrkja sine primæroppgåver og i aktivitetar i kyrkja sin regi. Det er kantoren som har ansvaret for dette arbeidet. Vi har kantor i 100% stilling, men manglar framleis 40% organist/kyrkjemusikar. Dette vert løyst ved langsiktige vikaravtalar og tilkallingsvikarar som dekkjer opp andaktene på omsorgssentera, gudstenester og delar av barnekorarbeidet.

3.9 Drift av kyrjekontoret

Kyrkjeverje og kontomedarbeidar er begge tilsett i 100% stilling. Ferier vert samordna slik at kontoret kan halde ope gjennom ferieavvikling. Kyrjekontoret har opningstider frå 09.00 - 15.00. Måndagar gjennom heile året er kontoret stengt for besøkande, i tillegg er kontoret stengt for besøkjande fredagar i perioden 1.juni til 31.august. Sentralbordet er ope kvar dag.

Informasjon ut går via heimesida, Facebook og Instagram i tillegg til kyrkjesidene i Vestlandsnytt. Vi har framleis litt arbeid att i høve informasjon som skal vere tilgjengeleg på heimesida.

4. Prestane

Herøy har i utgangspunktet 230% presteteneste, men har no prestar i 200%. Utifrå den økonomiske situasjonen til bispedømmet, kan vi ikkje rekne med å få fleire prosent dekning enn det vi har i dag. Solfrid Helen Leinebø Seljås er sokneprest. Kjell Roger Isene er seniorprest, han er tilsett i prostiet, og har for tida si stilling knytt til sokna i Herøy. I tillegg har vikarar gjort presteteneste i Herøysokna også i 2025. I høve Møre bispedømme sin økonomiske situasjon, var prostiet i 2025 svært restriktive i bruk av vikarprestar.

5. Kyrkjene

I § 20 i Kyrkjeordning for Den norske kyrkje står det slik:

Forvaltning av kirkene og begrensning i rådighet

Forvaltningen av kirkene hører under kirkelig fellesråd, med mindre annet er bestemt av departementet før kirkeordningens ikrafttredelse eller deretter av Kirkerådet.

Herøy fellesråd har forvaltaransvar for tre kyrkjer: Leikanger, Indre Herøy og Herøy kyrkje.

Det er forskriftsmessig utført brannkontrollar og kontroll med sprinkelanlegg i kyrkjene og utskrive sertifikat for brannslangar og brannslukkar i alle kyrkjene.

5.1. Leikanger kyrkje

Leikanger kyrkje var sett opp i Ørskog i 1806 og vart flytta frå derifrå og sett opp att på Leikong i 1872. Kyrkja vart innvigd 26.januar 1873.

Det var i haust lagt med mykje arbeid med å søkje midlar frå kyrkjebevaringsfondet til eit overordna forprosjekt for å kartlegge tilstanden til kyrkja både utvendig og innvendig. Det vart også søkt om midlar til eit hovudprosjekt for å få dekt 50% av kostnadane til

skifte skinn på alterring, brudestolar, knelebenk og ring oppe på talarstol samt reparere og male benkane og male golvet

Det er i 2025, i tillegg til generelt vedlikehald, utført dette arbeidet og desse kontrollane i kyrkja:

- Utvendig vask av kyrkja.
- Ferdigstilt arbeidet med oppussing og meir bruksvenlege sakristi
- Det er gjennomført kontroll på sprinkelanlegget og brannkontroll.
- Service på orgelet er gjennomført, det var oppdaga varmgang i ein transformator. Deler er bestilt
- Stemming av piano.
- Kjøpt ny løpar - legging i løpet av 2026

5.2 Indre Herøy kyrkje

Indre Herøy kyrkje stod ferdig i 1916. Det er utarbeidd og vart i 2024 ferdigstilt skisse for ein samla plan for området rundt kyrkja.

Det er i 2025, i tillegg til generelt vedlikehald, utført dette arbeidet og desse kontrollane i kyrkja:

- Det er gjennomført kontroll på sprinkelanlegget og brannvarslingsanlegget.
- Skifta øydelagt takstein på kyrkjetaket.
- Taket på uthuset er reparert, pipa er tatt bort og det er lagt ny skifer.
- Lagt på nye takhelle der det mangla.
- Stemming av piano.
- Kjøpt ny "kyrkjegardskappe" til prest, finansiert av midlar frå kyrkjeforeininga
- Salmebøker supplert med 20 stk. 10 raude og 10 blå, finansiert av midlar frå kyrkjeforeininga

5.3 Herøy kyrkje

Herøy kyrkje vart innvigd i februar 2003.

Det er i 2025, i tillegg til generelt vedlikehald, utført slikt arbeid og desse kontrollane i kyrkja:

- Service på orgelet
- Stemming av flygelet og piano
- Oppussing av rommet "open barnehage" no namna "Bestestova"
- Ventilasjonsanlegg fullført inn til "klede til glede" lokalet
- Satt inn branndør mellom "klede til lege" og gang

- Periodiske heiskontroll og utbetring av avvik.
- Skifte av dør og karmar inn til stelle/kjølerom
- Ordna dørautomatikk på inngangsdør til våpenhuset
- Kontroll SD anlegg, montert overspenningsvern
- Påbegynt utskifting taklampar med lysrør - dette skal takast gradvis framover

6. Gravplassar og gravferder

Fellesrådet har ansvar for 8 gravplassar og er ansvarleg gravplassmyndigheit for innbyggjarane i kommunen. Gravplassane er av ulik størrelse og alder.

Kyrkjegarden på Herøy har vore brukt sidan mellomalderen, medan gravplassen på Remøy er den nyaste som vart teken i bruk i 1952.

Forvaltninga av gravplassane vert utført av fellesrådet sine eigne tilsette, i tillegg har vi ein avtale med eksternt firma om plenklipping i sommarsesongen.

Vi har hatt to personar på arbeidstrening/språktrening gjennom kvalifiseringssenteret i Herøy og Nav.

I 2025 har vi kjøp inn ny laster.

Noko av arbeidet som vert gjort på gravplassane er oppretting og bolting av gravminne. Dette er oppdrag som vi tek på oss mot betaling.

Vi har også hatt “Stell av grav” teneste. Dette arbeidet har vore knytt til avtalar om stell av grav og gravlegat. Fellesrådet vedtok i 2024 å avvikle “Stell av grav” avtalane. Gravlegata skal avviklast etterkvart som dei blir tomme for pengar.

Også i 2025 har det vore ei auke i tal på gravlagde. I 2025 var det 95 gravferder, av dette 9 urner mot 85 gravferder i 2024 og 7 urner.

Her er oversikt utviklinga i dei ulike sokna:

Sokn	2025	2024	2023
Herøy sokn	68	60	58
Indre Herøy sokn	15	17	10
Leikanger sokn	12	8	9

6.1. Flusund

Flusund gravplass vart teken i bruk i 1893.

Arbeidet med urnelund, namna minnelund, minnestad for barn døde i mors liv vart ferdig i 2025 og vart offisielt opna 30.oktober. Gravplassen er no betre tilrettelagt og tilnærma universielt utforma.

I enkelte felt på gravplassen er overvatn ei stor plage i periodar med mykje nedbør. For å bøte på dette vert det ved nye gravleggingar skifta ut 1/3 av massen med drenerande masse.

I 2025 vart det gjennomført ordinært vedlikehald på Flusund gravplass og benkane vart pussa opp.

6.2. Kvalsund

I 1915 vart Kvalsund gravplass teken i bruk. Innbyggjarane på Nerlandsøya soknar til denne gravplassen.

I 2025 vart det gjennomført ordinært vedlikehald på denne gravplassen samt beskjæring av tre.

6.3. Runde

Runde gravplass vart teken i bruk i 1922.

I 2025 vart det gjennomført ordinært vedlikehald på gravplassen med god hjelp av "Rundefolket". Nye kasser til miljøpunkt. Gjerdet malt.

6.4. Remøy

Denne gravplassen er den yngste og vart teken i bruk i 1952.

I 2025 vart det gjennomført ordinært vedlikehald og benkar og gjerde vart beisa.

6.5. Herøy gamle kyrkjestad

Det har vore gravplass på "Herøyberget" sidan 1500-talet. Deler av gravplassen er freda.

I 2024 var der gjennomført georadarundersøking på staden. Vi har enno ikkje fått tilgang på rapporten. Arbeid med samla plan for gravplassen er starta opp, men har i 2025 ikkje vore arbeidd med, då ein har venta på georadarrapporten frå fylkeskommunen.

Det er utført ordinært vedlikehald i 2025 spesielt med fokus på å ta ned nye renningar. Planting ved minnesmerket.

6.6. Tjørvåg

Tjørvåg fekk gravplass i 1919.

I 2025 er det felt tre på nabo eigendomen, satt opp gjerde mellom gravplass og område til anlegg, maling av gjerde og elles utført ordinært vedlikehald.

6.7. Moltu

Gravplassen på Moltu vart teken i bruk i 1900.

I 2024 vart det gjennomført ordinært vedlikehald, spesielt med fokus på klipping av kantane mot gjerde/steingard og naboeigedom.

I det nye feltet på gravplassen er overvatn ei plage i periodar med mykje nedbør. Det vert arbeidd med overflata for å minske overvatnet.

6.8. Leikong

Leikong fekk gravplass i 1872, samstundes som soknet fekk kyrkje. Det er utarbeidd skisse til samla plan for gravplassen som vart endeleg vedteken i 2024.

I 2025 vart det gjennomført ordinært vedlikehald og etter løyve frå Møre og Romsdal fylkeskommune vart kratt mot naboeigedomen rydda og tre ved bautaen felt. Løyve frå fylkeskommunen er naudsynt då kyrkja er listeført som verneverdig.

7. Kystpilegrimsleia og nøkkelstaden

Herøy er ein av seks nøkkelstadar i Møre og Romsdal fylke og er ein av dei offisielle pilegrimsleiene i Noreg med Nidarosdomen som pilegrimsmålet. På øya Herøy er det den gamle kyrkjestaden som er pilegrimsmålet, der Mariakyrkja låg frå ca. 1150-1859.

Det er oppretta ei «Nøkkelstadgruppe» der soknepresten er kyrkja sin representant. Nøkkelstadgruppa har ansvaret for å utvikle Herøy som pilegrimsmål. Det er mellom anna laga ein pilegrimssti til ettertanke og refleksjon på øya.

Mottak av pilegrimar vert i hovudsak varetatt av Herøy kystmuseum, stempel og informasjon er i tillegg plassert i ei av museet sine bygningar som er ope 24/7, samt på kyrkjekontoret i vanleg opningstid.

Kyrkjeverja sit i Rådet for Herøy gard og representerer fellesrådet som samarbeidspart.

8. Kyrkja og samfunnet

Kyrkjene våre er samlingspunkt i glede og sorg, i kvardag og fest. Kyrkjene har vist seg viktige når ulukker og krise oppstår.

8.1. Kyrkja som samlingspunkt

I Herøy kyrkje har vi ulike lågterskeltilbod for folk i alle aldrar. Deltaking er gratis og breidda av aktivitetar er stor og tilbodet er for alle kyrkjelydane i fellesrådeområdet.

Mykje av aktiviteten i Herøy kyrkje er basert på frivillig arbeid, og alle hender og hovud er like viktige. I kyrkja kan ein delta på frivillig basis med dei ressursane ein har. For mange er dette ein viktig arena for fellesskap med andre og ei moglegheit for å bruke egne ressursar. Kyrkja er ein viktig arena for å inkludere og førebygging av utanforskap. Aktivitetane kan bidra til bulyst.

Kyrkjene i Herøy har eit godt samarbeid med skule og barnehagar og det vart også i 2025 invitert til skulegudsteneste og påske- og julevandringar for barnehageborn.

8.2. Samarbeid med andre

Vi opplever å ha eit godt samarbeid med fylkeskommune, kommune, private og frivillige. Gymsalen i Herøy kyrkje er leigd ut til barnehagar og til Sterk og stødig - eit førebyggjande tiltak for styrking av eldre si fysiske helse.

Frå Herøy kyrkje har vi digitale sendingar til Herøy alders - og sjukeheim.

Det er eit tett samarbeid med Herøy kystmuseum i forvaltning av Herøy gamle kyrkjestad og gravplassen på Herøyberget.

Vi er bidragsytarar til Kriminalomsorga og deira opplegg med samfunnsstraff. Vi tek imot folk frå både NAV og Kvalifiseringssenteret som treng arbeidstrening og språkpraksis.

Sanitetsforeininga er ein viktig samarbeidspart, både når det gjeld «Klede til glede» og «Juleglede». Begge desse tiltaka er viktige diakonale tenester som kjem alle, også marginale grupper til gode.

Med Herøy vidaregåande skule samarbeider vi om mellom anna parkering, hybelmiddag og Livsgledefesten. Eit unikt samarbeid som er viktig å behalde framover.

Vi har ikkje eige kyrkjelydsblad, men har eit godt samarbeid med Vestlandsnytt. Kvar fredagsavis har vi, saman med Sande kyrkjelege fellesråd, eiga kyrkjespalte. God relasjon til lokal presse gjer at saker som kan vere av samfunnsnyttig interesse vert presentert i lokalavisa.

8.3. Kyrkja som historie og kulturberar

Kyrkja har alltid vore sentral kulturaktør, både for bildande kunstnarar og for musikarar. Kunsten er ein integrert del av formidlinga i kyrkjerommet. Kyrkjene i Herøy representerer kvar sin tidsepoke.

Den listeførte kyrkja på Leikong har utsmykking frå mange hundre år attende i tid. Indre Herøy kyrkje har fine veggmåleri og Herøy kyrkje har eit meir moderne preg både i altertavle og interiøret elles.

Godt og planmessig vedlikehold av både interiør og eksteriør er viktig for å vidareføre både historie og kulturarv.

I tillegg til kyrkjene er også gravplassane lokalhistorisk viktig. «Verneplan for gravminne eldre enn 60 år» skal vere førande i dette arbeidet.

8.4. Gravferdsmyndigheit

Kyrkjeleg fellesråd er tillagt ansvar som gravplassmyndigheit i kommunen. I dette ligg å tilvise grav, vere vedlikehaldsansvarleg for alle gravplassane i kommune og yte sørvis til alle innbyggjarar, uavhengig av tru eller livssyn.

Det å opparbeide, drifte og utvikle gravplassane er eit viktig samfunnsoppdrag. Gravplassane skal vere ein plass å finne ro og minnst nære og kjære. For mange er gravplassen viktig i sorgprosessen. Vi har også i 2025 hatt fokus på at gravplassane skal vere stelde og ein god stad å kome til. Urnelunden på Flusund gravplass er eit kjærkome tilskot og er allereie nytta. Vi har fått gode tilbakemeldingar på utforming av den.

9. Økonomiske tilhøve

Driftsrekneskapen vert lagt fram for godkjenning med eit mindreforbruk på kr. 930 000

Årsaka til mindreforbruket er grunna vakanse i stillingar, men og at vi har hatt meir inntekter på festeavgift enn budsjettert. Vi har ikkje leigd inn vikarar i dei fleste stillingane, nokre av vikarane har pensjonistløn.

Vi hatt ei inntekt på 200 000 meir enn budsjettert frå festeavgift og renteinntekter og gåver på 100 000 som det ikkje var budsjettert med.

Det vert vist til eiga sak for godkjenning av rekneskapen til fellesrådet. Mindreforbruket vert ført på disposisjonsfond.

Trossamfunnsloven § 14 heimlar bestemming om kommunen sitt økonomiske ansvar for fellesrådet si drift og investering:

“Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforlaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.”

9.1. Drift

Overføringane frå Herøy kommune til Herøy kyrkjelege fellesråd var i 2025 på om lag 9,4 millionar kroner. I tillegg har fellesrådet fått tildelt om lag kr. 1,1 million frå rettssubjektet Den norske kyrkje til trusopplæring og diakoni. Dei resterande inntektene kjem frå husleige, festeavgifter og sal av tenester knytt til gravplassforvaltinga. Festeavgiftsperioden er no på 5 år og avgifta er satt til på kr. 300 per år.

9.2. Investeringar

Investeringsrekneskapen 2025 viser fem ulike prosjekt:

Ombygging kyrkjekjellar (open barnehage) Herøy kyrkje

Urnelund på Flusund

SD anlegg Herøy kyrkje

Minilastar

Uthus Indre Herøy kyrkje

Av desse står "Ombygging kyrkjekjellar (open barnehage) Herøy kyrkje" på kr. 98 800 utan dekning. Det vart gjort vedtak i fellesrådet om dekning, men ikkje spesifisert kvar dekninga skulle takast frå. Det vert vist til eiga sak for godkjenning av rekneskapen til fellesrådet.

Eigenkapitaltilskot KLP kr. -20 334

Ombygging kyrkjekjellar kr. - 98 800

Meirforbruket vert dekt av disposisjonsfond. Mindreforbruk vert ført over til 2025. Dette vert fremma i eiga sak til Fellesrådet.

9.3. Balanserekneskapen

Balanserekneskapen pr. 31.12.25 viser at Herøy kyrkjelege fellesråd har eit disposisjonsfond på kr. 2 736 358 i tillegg eit disposisjonsfond diakoni på kr. 320 000. Fellesrådet har bunde driftsfond på til saman kr. 292 745 fordelt på trusopplæring og diakoni.

10. Måloppnåing

Fellesrådet sine oppgåver er heimla i Kirkeordning for Den norske kirke, vedtak fatta av Herøy kommunestyre og Herøy kyrkjelege fellesråd.

Mange oppgåver er i konstant endring. Når det gjeld tenester som vert utført av fellesrådet sine tilsette (diakoni, barne- og ungdomsarbeid, arbeid i kyrkjebygga, arbeid på gravplassane m.m.) så har ein ikkje hatt klart definerte mål og måltal.

Det er eit godt samarbeid med sokneråda, tilsette og frivillige, der ein utviklar aktivitetar og tilbod til det beste for kyrkjelydane og Herøysamfunnet.

Fellesrådet har gode rutinar for budsjettkontroll og rapportering av framdrift på vedtekne prosjekt.

11. Utfordringar dei komande åra

Herøy kyrkjelege fellesråd har ein lang tradisjon med godt samarbeid med Herøy kommune, både på administrativt plan og i det praktiske virke. Det er viktig frå fellesrådet si side å ivareta og vidareutvikle den gode samhandlinga.

Visjonen til kyrkja er: «Meir himmel på jorda» Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje. Dette skal skje gjennom gudstenester, kyrkjemusikk og kultur, misjon, diakoni og undervisning.

Utfordringsbiletet er både å skaffe kvalifisert arbeidskraft til dei ledige stillingane og sikre ein stabil økonomi for framtidig drift.

Ved utgangen av 2025 hadde vi ledig 40% organist og 12% ledig klokkarstilling. Vi har også vore heldige som har vikarar og frivillige som steppar inn der vi treng det, og vi har hatt ein fast vikar over tid i den ledige prestestillinga.

Saman skal fellesrådet sine tilsette og prestane syte for at det er eit allsidig og godt tilbod til alle innbyggjarane i Herøy, frå vogge til grav.

Med stoltheit kan vi hevde at Herøy kyrkjelege fellesråd forvaltar landets beste arbeidskyrkje. Vi har i tillegg to flotte kyrkjer, frå kvar sitt hundreår som er særmerkte kvar på sin måte. Kyrkjebygga og dei åtte gravplassane skal forvaltast og vi må syte for at vedlikehaldsetterslepet ikkje blir for stort. For å kunne klare dette må vi ha både drifts- og investeringsmidlar.

Fellesrådet har lang og god erfaring som gravferdsmyndigheit. Så langt ser ein det som naturleg at fellesrådet også i åra som kjem har dette forvaltaransvaret.

Det aller meste av det som vert levert av tenester skjer gjennom møte med menneske. Det er svært avgjerande at fellesrådet klarer å behalde og utvikle gode arbeidstakarar samt å rekruttere til dei ledige stillingane. For å få til dette er det viktig at fellesrådet har ein stabil og god økonomi, slik vi kan tilby gode arbeidstilhøve. Det er også viktig at vi kan tilby tilsette naudsynte kurs og andre kompetansefremjande tiltak og ved dette syte for at tilsette har oppdatert kunnskap og kompetanse på sitt arbeidsfelt.

Utfordringa for Herøysamfunnet og kyrkja i Herøy er å få alle, også dei som ikkje har norsk som morsmål, til å føle seg heime og kjenne seg som ein del av eit fellesskap.

Vi arbeider kontinuerleg med å gjere informasjonen om arbeidet vårt meir målretta, og sikre at den når flest mogleg. På denne måten kan også alle nye tilflyttarar til Herøy finne gode tilbod som kan skape trivsel og god integrering. Vi vil legge til rette for godt samhald mellom alle innbyggjarane på tvers av bakgrunn og alder.

Kyrkja i Herøy skal også i framtida vere til stade for alle Herøyværingar; i glede og sorg, i kvardagen og når det er fest – eit naturleg og inkluderande samlingspunkt. Fellesrådet, saman med sokneråda, tilsette, samarbeidspartar og frivillige er med på å legge forholda til rette for nettopp dette!